

Arkivnr: 2017/362-7  
Saksbehandlar: Hanne Espe

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		26.04.2017

**Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge.  
Tildeling våren 2017****Samandrag**

Føremål med ordninga er å auke bruk av sykkel til rekreasjon, trening og framkomstmiddel, jmf innsatsområde 39 D i Regional kulturplan PREMISS: KULTUR.

Fylkestinget vedtok i desember 2016 å setje av kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/ sykkelvanar. Arbeidet med å auke bruken av sykkel til framkomstmiddel, trening og rekreasjon er forankra i Regional plan for folkehelse 2014-2025, Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Regional kulturplan 2015-2025.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 16. februar 2016 i sak 27/2016 retningsliner for tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse/ sykkelvanar for barn og ungdom. Ordninga skal bidra til å få fleire born og unge i Hordaland til å sykle som transport, rekreasjon og trening. Tilskot kan løyvast til regionale prosjekt med tiltak i minst tre kommunar med mål om varing endring i barn og ungdom sine sykkelvanar. Gode prosjekt kan få tilskot frå kr 100.000- til kr 500.000. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50 % av dei totale ressursane for prosjektet.

Generelt:	
Budsjett 2017:	500 000
Av desse er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	500 000
Søknadsfrist 2017:	15. februar
Vedtak kriteria:	KIRU 16.02.2016
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

Våren 2017:	
Tal på søknader:	6
Tal på søknader som er tilrådde:	1
Samla søknadssum:	926 875

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:
Det kan ikkje søkast om tilskot til anlegg og ordinær drift av aktivitetar. Tiltaka skal gje ny kompetanse og ha overføringsverdi til andre kommunar. Medverknad av målgruppa vert prioritert. Det vert også oppmoda til samarbeid mellom det offentlege og organisasjonar. Tiltak for å nå minst 60 minutt fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule vert også prioritert. Gode prosjekt vert støtta med tilskot frå kr

100.000- til kr 500.000. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50 % av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil kr 300,- pr/time).

Fleire av søknadane fall utanfor ordninga av ulike grunnar. Fylkesrådmannen er positiv til ei vidareføring og vidareutvikling av *Alle barn sykler*, som er eit program med gode resultat og god gjennomføringskraft. Hausten 2015 og våren 2016 vart det gjennomført eit pilotprosjekt i vertskommunane til sykkel VM, med svært gode tilbakemeldingar. Hovudmålet med prosjektet er å skape tryggleik for born på sykkel. Tilbodet går no ut til alle kommunane, og har god overføringsverdi.

### Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 500 000 kroner over budsjettpost 400.420.11, slik:

	Namn på søkjar	Kommune	Tiltak	Tilråding
1.	Stiftelsen Kirkens Bymisjon	Odda	Skattkammeret Odda	0
2.	Arna-Bjørnar Fotball	Bergen	Arna Sykkelfestival og Alle Barn Sykler	0
3.	Norges Cykle Forbund	Hordaland	Alle Barn Sykler	500 000
4.	NFU Stord Fitjar (Norsk Forbund for Utviklingshemmede)	Stord og Fitjar	Friluftsliv for alle	0
5.	Hilland velforening	Fjell	Pump track	0
6.	BOF	Os	Kajakkpakke på Halhjem i Os kommune	0

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 29.03.2017**

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.